

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 19.06.2019

Orientering:

Tor Ivar Sagen Sandvik, seniorrådgjevar opplæringsavdelinga:
Skolebruksplan og status helsefag, inkl. aktivtørfaget.

Odd Himle (SN-H) orienterte om arbeidet med Stortingsmelding nr. 15 «Leve hele livet».

Gunvor Riim Opedal (PF) sette fram slikt forslag:

«Fylkeseldrerådet i Hordaland sender melding til dei kommunale eldreråda og ber om at eldreråda syter for at Stortingsmelding nr. 15 «Leve hele livet» vert politisk forankra i kommunestyrene.»

Røysting

Opedal sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkeseldrerådet i Hordaland sender melding til dei kommunale eldreråda og ber om at eldreråda syter for at Stortingsmelding nr. 15 «Leve hele livet» vert politisk forankra i kommunestyrene.

Inger Sjong (H) orienterte kort om dialogmøtet om «Leve hele livet» den 14.06.2019 og uttalar frå «Storbykonferansen for eldreråd den 4- 6. juni. Uttalane og invitasjonen til dialogmøtet vil bli sendt medlemmane i fylkeseldrerådet, til informasjon.

Monrad Reigstad (PF) tok opp temaet pasienttransport av eldre på nattetid frå sjukehus til heimkommunen. Synnøve Solbakken (A) vil utarbeide eit forslag til brev som vil bli sendt til helseføretaka. Fylkeseldrerådet er opprørt over at slik transport har gått føre seg, og vil forsikre seg om at den er stoppa.

Det er eit ønskje om ei orientering frå Skyss på møtet i fylkeseldrerådet den 07.11.2019, angående Service-linjene som vert lagt ned. Orientering: «Korleis ser Skyss for seg transport for eldre, både i Bergen by og i Vestland fylkeskommune elles.»

Det vart presisert at dette ikkje gjeld Transportordninga for funksjonshemma.